



## Notat

Dato: 18.11.2015  
Arkivsak: 2015/1799-4  
Saksbehandlar: lisadla

---

**Til:** Fylkestinget

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

### Status for planarbeid for Fv. 276 Garnes - Indre Arna

Sak om «Innbyggjarinitiativ - Sikker skuleveg, utbetring av Tunesvegen i Arna» vart lagt fram i fylkestinget 9. juni 2015. Fylkestinget gjorde slikt vedtak:

- 1. Fylkestinget viser til at planarbeidet for utbetringa av denne strekninga er starta opp. Innbyggjarinitiativet vert dekt av denne planen.*
- 2. Fylkestinget ber om at planar om trafikksikring vert lagt fram i år.*

Statens vegvesen er no i gang med planarbeidet for strekninga Garnes stasjon (nord) – Bommane rundkøyning (sør) på Fv. 276. Fylkesrådmannen har bedt Statens vegvesen om å utarbeide eit kort notat om status for prosjektet, og denne ligg som vedlegg til denne referatsaka.